



Heio Cup er eit årleg høgdepunkt for idrettslaget. Her er Åsne Arnesen på veg mot mål. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein oversikt over kva dei ulike uskedalslaga har motteke i Grasrotandel frå Norsk Tipping i 2010 endar med ein sum på 55 418 kroner. Fordelinga er slik:**

Idrettslaget, 23.305 kr frå 80 spelarar

Skulemusikken, 18.770 kr frå 72 spelarar

Røysterett for alle, 5.363 kr frå 22 spelarar

Helselaget, 5.152 kr frå 19 spelarar

Ungdomslaget, 2.828 kr frå 10 spelarar

Vi ser at det monner!

Meir enn 55.000 kroner til lag i bygda utan at det kostar bidragsytarane 5 øre!  
Det er grunn til å overbringe ein takk frå lag i bygda til støttespelarane.

Alle laga har auke frå 2009 då denne ordninga var ny.  
Auken er naturleg nok størst for idrettslaget og ungdomslaget  
som ikkje var med på ordninga frå starten, men kom med i løpet av 2009.

Tal frå Norsk Tipping tyder på at dei framleis har ganske mange spelarar som  
ikkje har meldt seg som grasrotgivarar.

Skulle det vera slike blant uskedalen.no sine lesarar, bør dei melda seg.  
Det er ein flott måte å støtta lokalt lagsliv på istaden for å la pengane forsvinna til Hamar.

Av Thor Inge Døssland